



Etnedal kommune

Plan og næring

Fylkesmannen i Innlandet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

WOLOLA - 19/1632

Arkivsak:

19/282

ArkivID:

Vår dato:

30.03.2019

Høyringsuttale - Forslag til ny forskrift for regionalt miljøprogram - Valdres

Landbrukskontora i Valdres har kommentarar til fylgjande paragrafar i forslaget til forskrift for Innlandet:

§§ 7 og 8:

Det er store manglar i Naturbase med registrering av klassifiserte areal i Valdres over dei siste ca. 15 åra. Til no har det vore mogleg å godkjenne manuell innlegging av slike areal i søknaden, når kommunen innehar dokumentasjon på klassifiseringa. Dersom det ikkje blir gjort ein ekstraordinær innsats med registrering i Naturbase, bør det opnast for manuell godkjenning.

§ 10:

Leveringskravet bør vere samanfallande med minstekravet frå Tine for henting av mjølk. Dermed vil det vere lettare kontrollerbart.

§ 13:

«Helhetlig setermiljø» bør definerast tydelegare. Er til dømes ein gammal setervoll, der det til dømes blir beita med ungdyr, og seterhus er intakte, eit slik miljø? Eller er det kun seterdrift med mjølkeproduksjon som er innanfor omgrepet?

Søkar som driv fleire godkjende setrer; får denne inntil 20 daa per seter? Har søknaden plass for registrering av talet på setrer for søkaren? Vil slå noko urettvist ut med avgrensing på 20 daa, då nokon har større areal på same eigedom, medan andre driv fleire teigar like ved kvarandre. Kva med fellesteigar? Får kvar drivar då inntil 20 daa kvar?

Andre jordbruksareal: Er kravet til høgare plassering enn fast busetjing i området absolutt? Kva om det finst til dømes ein einskild bustad høgare enn forøvrig godkjende areal? Vil det diskvalifisere mange areal? Det vil kunne slå urettvist ut. Om personar som bur der brått flyttar, er då areala brått godkjende? Vil kunne slå ut temmeleg tilfeldig. Kva for «andre areal» høgare enn fast busetjing er godkjende? Areal som ligg i eit seterområde men er utan seterhus? Mykje rom for skjøen i definisjonane her. Eit resultat vil kunne bli at meir jord i fjellet går ut av drift. Fokus på at å bevare kulturhistoriske miljø er det viktige.

Besøksadresse:
Kyrkjevegen 10

Postadresse:
2890 Etnedal

Telefon:
61 12 13 00

Organisasjonsnummer:
933 038 173

E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no
www.etnedal.kommune.no

Mange i Valdreslandbruket er avhengig av areal i fjellet for å få nok avling. Om areala er knytt til seter eller ei så er areala ein viktig del av kulturlandskapet i fjellet og seterområda. Eit resultat av å avgrense arealet til 20 daa kan bli at meir jord i fjellet går ut av drift. Tiltaket med avgrensninga vil i dei tilfella ha negativ innvirkning på å bevare seter- og kulturlandskap, som er ein viktig del av vår kulturhistorie.

§ 20-22:

Ein del høgareliggande bruk har praksis med ei tidleg grashausting og / eller vårbeiting, for så å fornye enga med nedmolding av husdyrgjødsel på sommaren. Ofte blir det lite å hauste etter nyetableringa, evt. det er ugunstig å hauste den ferske enga, for å sikre god overvintring og gode høve til vekst påfylgjande år. Slik drift vil ikkje kunne nytte nokon av desse tilskota.

Øvrig:

Tilskot til beitedyr i stølsområder blir borte i dei nye forskriftene. Særs uheldig at utmarksbeitetilskotet til geit fell ut av RMP, då geit utfører særskild effektiv kulturlandskapspleie i mange områder.

Uheldig at tilskot til tilsyn i beiteområder blir prioritert vekk.

Med helsing

Olav Agnar Wold
Jordbrukskonsulent

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjend og sendt utan underskrift.